

Kommunane Norddal, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ørskog, Skodje, Ålesund, Sula, Hareid, Ørsta



Fylkesmannen i
Møre og Romsdal



POLITIET

Beredskapsplan for fjellskred



Aktørplan - generell del


Versjon 1
Desember 2015

Innhald

1. Innleiing	3
2. Generelt.....	4
2.1 Definisjonar	4
2.2 Føremål.....	4
3. Ansvar	5
3.1 Ansvarsfordeling.....	5
3.2 Aktørane sitt ansvar	5
3.3 Organisering	6
3.4 Kartlegging av eigen risiko.....	6
3.5 Opplæring og øving	6
3.6 Oppdatering og vedlikehald	6
4. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)	7
5. Farenivå og beredskapsnivå	7
6. Varsling	10
6.1 Aktørvarsling.....	10
6.2 Befolkningsvarsling.....	10
7. Informasjon / kommunikasjon	10
7.1 Ekstern informasjon / kommunikasjon	10
7.2 Intern informasjon / kommunikasjon	10

1. Innleiing

Det er utarbeid beredskapsplanverk på tre nivå:



Nasjonal beredskapsplan og objektplan for det aktuelle scenarioet er styrande for aktørplanverket. Det er utarbeidd ein plan for kvart fjellparti (objektet) som er under overvaking. Objektplanane skal sikre lik forståing mellom alle aktørane som har ansvar og roller knytt til beredskap mot fjellskred, og skal ligge til grunn for dei ulike aktørplanane. Aktørplanar er beredskapsplanane som kvar aktør utarbeider for å handtere ei slik hending.

Fjellskred er eit komplekst scenario som krev samhandling mellom alle involverte aktørar. Fylkesmannen har eit regionalt samordningsansvar, og kommunane eit lokalt samordningsansvar.

I forlenginga av dei tre nivåa med beredskapsplanar vil aktørplanane omfatte slikt planverk:

På grunnlag av objektplanen utarbeider dei berørte kommunane ei interkommunal konsekvensanalyse. Andre aktørar må også utarbeide konsekvensanalyser for sine område.

Det lokale planverket (aktørplanverket) er todelt:

- Ein generell del som er felles for alle aktørar, og som vert vedlikehalden av Åknes/Tafjord IKS, Fylkesmannen og politiet.
- Aktørane sine beredskapsplanar for deira handtering av situasjonen:
 - Kommunane sine planar
 - Andre offentlege aktørar sine planar
 - Næringsdrivande og andre private aktørar sine planar

Kommunane er i Sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15, og forskrift til denne §§ 2-4, pålagt å vurdere risiko og farar og utarbeide beredskapsplaner.

Nokre er omfatta av Storulykkesforskrifta, og er i medhald av §§ 7 og 11 i denne pålagt systematisk arbeid for førebygging av og avgrensing av konsekvensar av ulykker som kan ramme, og ha beredskapsplanverk for handtering av desse.

For andre vil storleik og kompleksitet vere avgjerande for omfanget av beredskapsplanverket. Behova kan vere frå detaljerte beredskapsplanverk til sjekklister og informasjon til oppslag.

Alle aktørar som er berørt må vere kjende med innhaldet i den generelle delen, og vite om det overordna planverket. Alle tilsette må vere godt orientert om alle delar av planverket, eige og overordna.

2. Generelt

2.1 Definisjonar

Faresoner	Område som kan verte råka av eit skred og sekundære verknader av skred som t.d. flodbølger. Oppskyllingsberekningar av flodbølger er basert på storleiken på skredet og topografien i fjorden, og er berekna for ulike skredscenario i fjorden. Desse blir lagt til grunn i byggesaker.
Evakueringssoner	Faresone og tryggleiksmargin på 60 % som er fastsett av politiet. I tillegg kan det vere andre område som er fastsett evakuert etter oppmoding frå kommunane.
Flytting	Flytting av personar og materiell i kontrollerte former til ny stad etter beskjed frå kommunal kriseleiing i samråd med Fylkesmannen
Evakuering	Tvungen flytting av personar etter ordre frå politiet for å ivareta liv og helse.

2.2 Føremål

Målsettinga med beredskapsarbeidet er å kunne varsle så tidleg at folk i fastsett evakueringszone kan flytte eller evakuere i god tid før eit eventuelt ras kjem.

Beredskapsplanen skal vere ein omtale av ansvar, organisering og oppgåver dersom det oppstår ein situasjon der det er stor fare for, eller har gått eit ras frå Åkneset, Hegguraksla

eller Mannen. Planen skal hjelpe dei som bur eller har sitt virke i evakueringssona til å føle seg trygge.

Planverket skal bidra til samhandling, kjennskap til kvarandre og god dialog.

Liv og helse skal alltid prioriterast framfor flytting av materielle verdier.

3. Ansvar

3.1 Ansvarsfordeling

NVE er ansvarleg for dagleg drift, vedlikehald og vidareutvikling av fjellskredovervakinga på overvakingssenteret. Dei skal forsyne lokale, regionale og nasjonale styresmakter med den risikoinformasjonen som er naudsynt i arealplanlegging, beredskapsplanlegging og krisehandtering.

Aktørar som er nemnt i det regionale planverket (objektplan) skal utarbeide aktørplanar.

Andre aktørar som har tilhald i evakueringssona blir også oppmoda om å utarbeide planverk.

Kommunane har overordna ansvar for tryggleiken til alle som oppheld seg i eigen kommune. Kommunane har i tillegg spesifikt ansvar for tryggleik i eiga verksemd.

Næringsdrivande har ansvar for eiga bedrift og tilsette. Planverk skal samordnast med kommunen.

Folk som bur eller har fritidsbustad i evakueringssona må tenke gjennom eigen situasjon. Ein er sjølv ansvarleg for sine materielle verdier.

Fylkesmannen har ansvar for samordning ved kriser og katastrofar i fredstid. Fylkesmannen sitt samordningsansvar gjeld informasjonsflyt, optimal ressursutnytting og oppretthalding av samfunnsviktige funksjonar.

Politiet har ansvaret for evakuering i ein akutfase. Politiet vil regulere ferdsel og forby opphald i bestemte område. Politiet kan påby ei verksemd å stanse drift, *ta seg inn på privat eigedom eller område*, eller påby område evakuert.

3.2 Aktørane sitt ansvar

Aktørane skal sjå til at:

- Det er gjort ei tilstrekkeleg kartlegging av konsekvensar for eiga verksemd ut frå farevurderinga som ligg føre

- Planen er dekkande for aktøren sin organisasjon og verksemd
- Beredskapsansvarlege og tilsette er kjend med planverket og sin funksjon
- Nøkkelpersonell er fortrulege med ansvar og oppgåver
- Aktuelle prosedyrar og instruksar er kjent
- Dei tilsette er kjent med planane for flytting / evakuering til sikker stad, og har fått opplæring i høve til ansvar og oppgåver dei kan bli tildelt
- Planen har oppdatert namn- og telefonlister
- Planen vert øvd med jamne mellomrom
- Kommunal kriseleiing er orientert om planane

3.3 Organisering

Kvar aktør må vurdere korleis ein vil organisere beredskapsarbeidet.

Ved større verksemdar bør det vere ei beredskapsgruppe som er ansvarleg for utarbeiding og vedlikehald av beredskapsplanverket. Grappa bør halde seg orientert om overordna beredskapsplanverk.

3.4 Kartlegging av eigen risiko

Det er gjennomført eit analysearbeid på kommunalt nivå. Andre aktørar og bedrifter må kartlegge eigen risiko ut i frå objektplanane og den interkommunale konsekvensanalysen.

3.5 Opplæring og øving

Alle tilsette skal vere informert om beredskapsplanen og vere kjend med si rolle. Dei skal ha opplæring i forhold til ansvar og oppgåver som dei kan bli tildelt. Instruksar og prosedyrar skal vere oppdatert, øvd og evaluert.

3.6 Oppdatering og vedlikehald

Aktørplanverket skal haldast ved like og ajourførast. Minst ein gong i året må den som er ansvarleg for planen gå gjennom den og ajourføre eventuelle endringar.

Ved revidering og evaluering av risikoanalysar er det viktig at dette blir samanhalde med beredskapsplanen slik at naudsynte endringar blir gjort.

I tillegg til å vedlikehalde kommunalt beredskapsplanverk, må kommunane sjå til at beredskapsplanane til alle aktørar innafor sitt geografiske område er samordna. For å best mogleg sikre ei samordna handtering av situasjonen må beredskapsplanverket henge saman, både med overordna planverk og med sideordna aktørar sitt planverk.

Vedlikehold av den generelle delen vil Åknes/Tafjord Beredskap IKS, Fylkesmannen og politiet ta ansvar for. Kvar aktør er ansvarleg for eige planverk.

4. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Sjølve trusselen er omtalt i objektplanen, der det grove konsekvensbildet også er synleggjort. I tillegg er det laga ei eiga konsekvensanalyse for dei involverte kommunane knytt til Åkneset, som er det mest omfattande scenarioet. Andre aktørar som har behov for ei meir detaljert kartlegging, er sjølve ansvarleg for å gjennomføre ROS-analyse for sitt ansvarsområde som grunnlag for beredskapsplanverket.

Kart som viser faresoner og evakueringssoner er publiserte på <http://www.gislink.no/Kart/index.html?Viewer=beredskap>.

5. Farenivå og beredskapsnivå

Geologisk situasjon	Farenivå	Beredskapsnivå og -tiltak
Stabil bevegelse	Lav fare	Grøn beredskap:
Stabil bevegelse, sesongvariasjon		<ul style="list-style-type: none"> • Overvaking • Planlegging • Øving
Økt bevegelse, utover sesongvariasjon	Moderat fare	Gul beredskap:
		<ul style="list-style-type: none"> • Intensivert overvaking • Gjennomgang av planverk • Aktivering av samordningsfora • Forberede komplekse tiltak • Informasjonstiltak
Akselererande bevegelse	Høg fare	Oransje beredskap:
		<ul style="list-style-type: none"> • Intensivert beredskap • Flytting av sårbare objekt • Reduksjon av aktivitet og ferdsel
Skred nær føreståande	Ekstrem fare	Raud beredskap:
Skred har gått, kan gå igjen		<ul style="list-style-type: none"> • Evakuering • Redning
		Raud beredskap:
		<ul style="list-style-type: none"> • Oppretthalde evakuering • Re etablering av overvaking
Ingen eller liten fare for skred	Lav fare	Grøn beredskap:
		<ul style="list-style-type: none"> • Normalisering

Samanheng mellom geologisk situasjon, farenivå, og beredskapsnivå og -tiltak

Alle tiltak er planlagde utifrå fire beredskapsnivå som i tid følgjer dei førehandsdefinerte farenivåa; grøen, gul, oransje og raud. Farenivåa gir uttrykk for aukande sannsyn for eit skred i nær framtid, og gradvis kortare tid til eit eventuelt skred. Endringar i farenivå vert fastsett av overvakingssenteret (NVE).

Alle aktørar skal setja i verk tiltak ut frå gjeldande beredskapsnivå, og for å få samtid i handlingane skal Fylkesmannen samordne aktivitetane. Kommunane samordnar lokal aktivitet opp mot Fylkesmannen.

Omtale av farenivå og beredskapstiltak finn ein i objektplanen kapittel 4, og må sjåast på som ein del av dette kapittelet.

I tillegg er det laga ei generell, felles sjekklisse for kvart beredskapsnivå:

Førebuingsfasen, gul beredskap	
Varsling / informasjon	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Mottak av varsel om heva beredskapsnivå ✓ Vidarevarsling ut i eigen organisasjon ✓ Brukarar, pårørande og tilsette skal informerast om situasjonen ✓ Etablere tett kontakt med kommunal kriseleiing ev fylkesmannen for regionale aktørar
Tiltak / instruksar	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Beredskapsgruppa skal kallast saman for å gå gjennom beredskapsplanane, og drøfte situasjonen ✓ Leiinga går gjennom alle prosedyrar og instruksar med dei tilsette ✓ Sjekke at telefonlista til nøkkelpersonar i verksemda er oppdatert ✓ Førebu tiltak på oransje nivå ✓ Førebu flytting til sikker stad ✓ Gå gjennom organisering av støttegruppene ✓ Førebu pakking av prioritert utstyr, og merke desse
Rapportering /etterarbeid	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Oppfølging av brukarar og tilsette ✓ Evaluering av det som har hendt ✓ Evaluering og forslag til endring av beredskapsplan

Flyttefasen, oransje beredskap

Varsling / informasjon	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Mottak av varsel om heva beredskapsnivå ✓ Vidarevarsling ut i eigen organisasjon ✓ Brukarar, pårørande og tilsette skal informerast om situasjonen ✓ Etablere tett kontakt med kommunal kriseleiing ev fylkesmannen for regionale aktørar
Tiltak / instruksar	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Ved varsel om oransje beredskap skal det setjast i gang førebuing av flytting ✓ Leiar sjekkar at intern beredskapsgruppe og alt nøkkelpersonell er fortrulege med sitt ansvar og sine oppgåver ✓ Det skal setjast i verk pakking av prioritert materiell / utstyr ✓ Ved varsel om flytting, skal denne straks setjast i verk etter eige planverk i samråd med fylkesmannen ✓ Førebuing av mottaksstad
Rapportering /etterarbeid	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Oppfølging av brukarar og tilsette ✓ Evaluering av det som har hendt ✓ Evaluering og forslag til endring av beredskapsplan

Evakueringsfasen, raud beredskap

Varsling / informasjon	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Mottak av varsel om heva beredskapsnivå. Vedtak om evakuering vert gjort av politiet ✓ Vidarevarsling ut i eigen organisasjon ✓ Varsel kan i kritiske høve bli gitt med automatisk telefonoppringning / sms eller tyfon
Tiltak / instruksar	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Evakuering vert straks sett i verk i samsvar med eige planverk ✓ Liv og helse har prioritet
Rapportering / etterarbeid	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Oppfølging av brukarar og tilsette ✓ Evaluering av det som har hendt ✓ Evaluering og forslag til endring av beredskapsplan

6. Varsling

6.1 Aktørvarsling

Aktørvarsling er varsling ut til alle organisasjonar som er direkte involvert, og som har ei rolle i beredskapsarbeidet. Ansvaret for varsling om farenivåheving til aktørar som er spesifisert i objektplan ligg hos overvakingssenteret, som skal ha system og planverk som ivaretek rask og effektiv formidling av varsel og stadfesting på mottak.

Aktørar som tek i mot varsel er ansvarleg for vidarevarsling i eigen organisasjon, og for å sette i verk tiltak i samsvar med nytt farenivå etter gjeldande planverk.

6.2 Befolkningsvarsling

Befolkningsvarsling er informasjon ut til innbyggjarar, andre med opphald i faresona og bedrifter som ikkje er aktørar i den organiserte beredskapen. Denne varslinga skal i tid følgje aktørvarslinga så tett som muleg, og skal normalt følgjast opp med relevant informasjon ut i media. Befolkningsvarsling er eit kommunalt ansvar, og i fleire av scenarioa er det fleire involverte kommunar. Dette blir ivaretatt gjennom Åknes/Tafjord Beredskap IKS, som har ansvar for å drive og vedlikehalde befolkningsvarslingssystem. Ein kan varsle både via talemelding, sms og tyfonar. Det er lagt inn førehandsproduserte meldingar.

7. Informasjon / kommunikasjon

7.1 Ekstern informasjon / kommunikasjon

Det er utarbeidd eigen plan for krisekommunikasjon som ein del av objektplanen. Denne er styrande for den eksterne informasjonen og retningsgivande for det kommunale informasjonsarbeidet. Kommunalt tilsette skal vise til kriseleiinga ved ordførar. Innbyggjarar og næringsdrivande må sjølv vurdere om ein vil ha kontakt med media.

Det er viktig med einsarta informasjon ut. Lokalt bør det vere god dialog opp mot kommunal kriseleiing som gir råd og samordnar vidare oppover i systemet. Dette scenarioet er så komplekst at ein er avhengig av at same hovudbodskap går ut frå alle aktørar. Fylkesmannen si kommunikasjonsgruppe vil med jamne mellomrom sende ut ei bodskapsplattform med talepunkt som eit hjelpemiddel til alle aktørar som skal uttale seg.

7.2 Intern informasjon / kommunikasjon

Det er viktig med god intern informasjon både til tilsette, brukarar og pårørande. Dette er den einskilde aktør sitt ansvar.